



Notat

Dato: 17.01.2019
Arkivsak: 2019/507-1
Saksbehandlar: gurkje

Til: Utval for Opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Utstillingsareal i gangtunnel under busstasjonen

Fylkesrådmannen viser til møteprotokoll frå møte i Utval for opplæring og helse 14.08.18, der følgjande spørsmål vart stilt av Tor Andre Ljosland (Krf):

«Ønskjer at elevar ved KDA skal kunne nytta tunnelen til å stilla ut sine arbeid slik at tunnelen blir meir interessant, og at unge talent får vist fram sitt arbeid for eit stort publikum. Er det eigeforhold knytta til tunnelen som kan vanskeleggjere eit slikt forslag?»

Frå ein pedagogisk ståstad vil dette vere ein god tanke. Utfordringa vil vere at dette heile tida må målast opp mot kompetansemåla elevane har. Det er ikkje sikkert at ein vil ha like god nytte av denne plassen gjennom heile året. Det er ikkje tenleg for utdanninga om utsmykking av tunnelen blir ei bær. Ein må også sjå om det er andre i fylkeskommunen som vil ha nytte av denne utstillingsplassen.

Fylkesdirektør opplæring har vore i kontakt med eigedomsavdelinga for å avklare kva som er HFK sin eigedom. Det viser seg at HFK berre eig den delen som ligg under busstasjonen. Det vil seie at om ein kjem frå Agnes Mowinckelsgate, eig HFK omtrent frå der heisen er plassert og fram til gitterporten der det er ei trapp opp til bybana. Den lange gangen med farga plater som fører inn til alle butikkane, er det Bergen Storsenter som eig.

Eigedomsavdelinga stiller spørsmål om korleis ein kan verne utstillingane. Her må ein eventuelt kjøpe inn monter i eit materiale som tåler støyt og slag, noko som ikkje er lett å knuse. Det vil vere trong for både tilsyn og vedlikehald knytt til eit slikt prosjekt. Eigedomsavdelinga stiller spørsmål ved kven som dekkjer denne meirkostnaden.

Eigedom melder også at det kan vere andre i organisasjonen som ønskjer å nytte denne plassen til å reklamere for tenestene eller oppgåvene som HFK utfører. Aktuelle avdelingar kan for eksempel vere Skyss, kultur, kommunikasjon og opplæring.

Fordi det er mange interesser det må takast omsyn til, vil fylkesdirektør opplæring overføre saka til fylkesrådmannen for vidare utgreiing.